



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

ÅRSRAPPORT 2011

Innholdsliste

	side
I Innleiing – generell omtale	3
II Felles mål for dei nasjonale sentra i 2011	5
1. Læreplanrelatert virksomhet	5
2. Formidling og veiledning	5
3. Kompetanse og kvalitet	7
4. Forskning, dokumentasjon og analyse	8
III Spesifikke mål for Nynorsksenteret	9
IV Rapportering frå strategiplan/tiltaksplan	14

Vedlegg

Rettleiings- og støttetilfang utvikla i 2010-2011

Undervegsrapport frå Nynorsksenteret, oktober 2011

I Innleiing – generell omtale

Grunnlaget for aktiviteten ved Nynorsksenteret i 2011 har vore oppdragsbrevet for 2010-2011 og tiltaksplanen for 2009-2012. Det meste av årsrapporten er ein gjennomgang av dei ulike avsnitta i desse to dokumenta, med ei punktvis oppsummering av aktivitet og resultat. I tillegg kjem ei innleiing med oppsummering av nokre av dei viktigaste merknadane, og eit vedlegg med opplisting av rettleings- og støttemateriell som har blitt produsert i 2010 og 2011. Til orientering har vi har også lagt ved ei oppsummering i ein undervegsrapport frå oktober 2011.

Fleire av punkta i den siste versjonen av oppdragsbrevet overlappar heilt eller delvis nokre av måla og tiltaka i tiltaksplanen. Det gjeld særleg den senterespesifikke delen. I denne delen av oppdragsbrevet er det i tillegg full intern overlapping mellom nokre av dei oppførte tiltaka (sjå merknad om desse punkta i rapporten).

Mange og delvis overlappende deloppdrag i våre styringsdokument gjer det vanskeleg både å ha fullt oversyn over aktiviteten og å rapportere på ein ryddig måte. For å unngå dobbel-rapportering har vi prøvd å samle omtalane av kvart einskild prosjekt og tiltak på ein plass, og så evt. vise til dette når same stikkord kjem att på eit seinare punkt. Vi vonar denne måten å gjere det på er tilfredsstillande.

Det har mange stader vore vanskeleg å vite kva som skal rapporterast under «resultat». Dei nasjonale sentra skal ikkje drive eiga forskning, og utan dette er det ofte uråd å vite kva effekt våre tiltak har for målgruppa. Vi får stadig tilbakemeldingar, både umiddelbart og uformelt og meir formelt i form av rapportar og skriftlege evalueringar. Vi noterer sjølvsagt også evt. medieoppslag, men er varsame med å bruke slike kjelder som prov på varige resultat. Til det trengst det samarbeid med forskingsmiljø. Vi har hatt samarbeid med nokre slike (m.a. i prosjektet om «tidleg start»), og dette er svært nyttig for oss. Målsetjinga er å få til meir slikt samarbeid dei komande åra.

Vi har også i 2011 deltatt aktivt i nettverk og forum som er relevante for vårt fagområde. Vi har m.a. hatt møte og samarbeid med Språkrådet, Landslaget for nynorskkommunar, Nynorsk Forum og Noregs Mållag. Det har også vore avvikla to møte i vårt eige fagråd.

Nynorsksenteret har i 2011 gjennomført prosjekt for alle aldersgrupper i grunnopplæringa. Vi har også halde fram tiltaka både for hovudmåls- og sidemålsbrukarane. Dei fleste prosjekta er fleirårige, og har vore nemnde i tidlegare årsrapportar. Her vil vi berre kort nemne nokre av dei viktigaste nye eller fornya tiltaka i 2011.

Nett-tilbodet for barnehage og småskule har vore ei av dei store satsingane til Nynorsksenteret det siste året, både med utviding av ressursidene *Nynorsk for dei minste* og lansering av dei nye aktivitetssidene *Berte og Iver*. Som ein del av lanseringa vart det laga eit hefte med Berte og Iver-stoff som gjekk ut til alle barnehagane i landet. Heftet ligg òg på nett.

Ei anna viktig satsing for oss i 2011 har vore produksjon av filmar, både om fagskriving på barnesteget og ein serie filmar om lesing og skiving som grunnleggjande ferdigheiter.

Då Nynorsksenteret for nokre år sidan gav ut ein antologi med nynorske teikneseriar til bruk i arbeidet med samansette tekstar i skulen, var det stor etterspurnad. Vi laga difor eit nytt slikt hefte i år, som ei utviding av nettressursane våre om teikneseriar. Heftet vart distribuert i eitt eksemplar til kvar vidaregåande skule i landet. Det har òg gått ut som klasesett til dei skulane som har bede om det, totalt godt over 100 skular. Heftet ligg òg på nett.

Vi vil også nemne den regionale fagkonferansen. Den blei avvikla på Lillehammer i april, og temaet var «Nye måtar å motivere på for å skrive på nynorsk». Dei fleste deltakarane var lærarar på ungdomstrinnet, men vidaregåande skule og UH-sektoren var også representert. Tilbakemeldingane frå dei 74 deltakarane var svært gode.

Nokre aktivitetar og tiltak har vist seg å vere tyngre å få til enn andre. Særleg gjeld dette arbeidet med å utvikle materiell på nynorsk for yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skule. Dette har vi ikkje fått til i 2011.

Vi har framleis godt samarbeid med dei andre nasjonale sentra, særleg Skrivesenteret og Lesesenteret. Saman med fagmiljøa her har vi produsert dei før nemnde filmene om opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Vi samarbeider også tett med desse to sentra om arbeidet med NOLES-nettverket.

Alt i alt er vi godt nøgde med eige aktivitetsnivå og resultat i 2011. Sjukmeldingar og permisjonar har gjort at vi har hatt noko redusert kapasitet i forhold til det ideelle, men vi har fått gjennomført det aller meste av det som var planlagt. Innretninga på prosjekta våre er også i godt samsvar med i alle fall to av dei tre overordna prioriteringane i oppdragsbrevet (s. 11). «Tidleg innsats» og «grunnleggjande ferdigheiter og individuell vurdering» er presise merkelappar på mykje av det vi driv med. Innsatsen på det tredje området - yrkesfaglege utdanningsprogram - har vi som før nemnt ikkje lukkast så godt med.

I det meste av 2011 har Nynorsksenteret hatt tolv tilsette, inkludert to stipendiatar. Om lag halvparten har hatt full stilling, resten har hatt delstillingar frå ti til åtti prosent. Dei fleste tilsette har kontorplass i same miljø ved Høgskulen i Volda, medan fire har heimekontor andre stader i landet.

Takk til alle vi har samarbeidd med i 2011.

Volda, 23. januar 2012

Torgeir Dimmen
Senterleiar

II Felles mål for dei nasjonale sentra i 2011

1. Læreplanrelatert virksomhet

1.1 Bistå direktoratet i justering og videreutvikling av læreplaner og veiledninger til læreplaner for fag.

Ny oppgave 2011: Rammeverk for de grunnleggende ferdighetene.

Aktivitet

Nynorsksenteret var med på førebuande møte i Utdanningsdirektoratet om nye læreplanar i norsk. Nynorsksenteret har hatt ein representant i gruppa som har arbeidd med å definere og beskrive progresjon av grunnleggjande ferdigheiter. Dette var eit omfattande engasjement som varte frå mai til desember 2011.

Vi har også vore representert på møte i KD om nye nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane.

Resultat

Utkast til rammeverk for de grunnleggende ferdighetene er levert til Udir i samsvar med oppdraget.

1.2 Bidra til utvikling av veiledninger til læreplaner og bidra slik at veiledningene blir brukt av lærere og skoleledere

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje vore engasjert i slikt arbeid i 2011.

1.3 Bruke senterets kontaktflater i sektoren til systematisk å innhente og dokumentere erfaringer med implementering og bruk av læreplaner for fag, herunder individuell vurdering og grunnleggende ferdigheter.

Aktivitet:

Vi har samla informasjon om korleis skulane som er med i våre prosjekt har brukt læreplanane, særleg m.o.t. arbeid med grunnleggjande ferdigheiter i ulike fag. Dette har vi gjort ved få inn årsplanar og undervegsrapportar, i tillegg til presentasjonar og drøftingar på interne seminar.

Resultat:

Rapport er levert til Utdanningsdirektoratet.

2. Formidling og veiledning

2.1 Utvikle og iverksette felles retningslinjer for kommunikasjon og formidling i samråd med direktoratet

Aktivitet

Nynorsksenteret har i samarbeid med andre nasjonale senter utvikla ein plan for felles kommunikasjon og formidling. Planen skal gjere arbeidet til sentra betre kjent mellom lærarar og førskulelærarar.

Resultat

Samarbeidet mellom fleire senter om kommunikasjon og formidling er i gang.

2.2 *Sentrene skal utvikle felles strukturer for organisering av innhold og tjenester på nett og etablere en fast samarbeidsordning for utvikling og publisering av nettbaserte tjenester. Nettjenestene skal være samordnet med direktoratets netjtjenester*

Aktivitet

Senteret har vore med på å utvikle ein plan for felles strukturar og organisering av innhald og tenester på nettet. Framsida til www.nynorsksenteret.no er planlagt endra i samsvar med dette. Utveksling av metadata med andre nasjonale senter har vore ein del av planleggingsprosessen.

Resultat

Publiseringsverktøyet for å knyte ressursane våre opp mot kompetansemål er kjøpt inn og klart til å verte teke i bruk.

2.3 *Utvikle, systematisere og formidle gratis ressurser og støttmateriell. Særlig oppmerksomhet skal rettes mot behovet for ressurser om grunnleggende ferdigheter og individuell vurdering i hele grunnopplæringen.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har i 2011 laga og publisert mykje informasjons- og støttmateriell, både i form av hefte, vevsider og filmar. Vi presenterer dette materiellet på mange ulike måtar. Først og fremst ved besøk på skular, i barnehagar og i bibliotek, men også på konferansar og i andre samanhengar der fagpersonar er til stades. Vi annonserer i fagtidsskrift og vi brukar Facebook.

Sjå eige vedlegg med detaljert oversyn over støttetilfang utvikla i 2010–2011.

Resultat

Mykje støttmateriell er ferdigstilt i perioden (sjå vedlegget), og brukartala til ressursane har auka med i overkant av ti prosent.

2.4 *Utvikle nettbaserte ressurser for arbeid med grunnleggende ferdigheter og individuell vurdering i videregående opplæring, yrkesfaglige utdanningsprogrammer.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje vore engasjert i slikt arbeid i 2011.

2.5 *Lage en oversikt over eksisterende pedagogiske ressurser i barnehage med relevans for Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.*

Aktivitet

Senteret har utvikla ei oversikt over ressursar for leik og læring på nynorsk for barnehagane. Oversikta ligg på nettstaden til Nynorsksenteret. Denne inneheld både eigenutvikla materiell og andre relevante ressursar. Vi har også samarbeidd med dei andre nasjonale sentra om ei fellesbrosjyre med presentasjon av tilboda for denne målgruppa. Nynorsksenteret reklamerer aktivt for barnehageressursane i alle samanhengar der vi har kontakt med førskulelærarar eller barnehageeigarar.

Resultat

Oversyn er oppdatert og utvida. Fellesbrosjyre er produsert.

Tilleggsdokumentasjon

Sjå opplegg, idear, filmar, teikneseriar m.m. på ressurssidene om nynorsk for dei minste:
<http://www.nynorsksenteret.no/born>

3. Kompetanse og kvalitet

3.1 *Drifte og lede nettverk for kompetanseutvikling mellom universiteter og høgskoler.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har vore med på å leie og drifte NOLES-nettverket, saman med Skrivesenteret og Lesesenteret. Nettverket har endra og utvida arbeidsområdet frå norskfaget til også å omfatte grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og munnleg i alle fag. Til saman har nettverket no om lag 75 deltakarar frå dei fleste av lærarutdanningsinstitusjonane i landet. I tillegg er alle dei andre Nasjonale sentra inviterte til å delta.

Resultat

Det er avvikla to NOLES-samlingar i 2011, og det er etablert ei eiga ressurside for NOLES.

Tilleggsdokumentasjon

NOLES si heimeside: <http://noles.skrivesenteret.no/>

3.2 *Gi støtte og veiledning til tilbyderne i UH-sektoren/lærerutdanningen om kompetanseutvikling for lærere.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har samarbeidd med UH-sektoren om etter- og vidareutdanningstilbod om lesing som grunnleggjande ferdigheit. Vi har også gjennomført mange møte og presentasjonar der vi har informert om og rettleia i bruk av våre nettressursar. For denne målgruppa har vi først og fremst presentert erfaringar frå utviklingsprosjekt for styrking av undervisning i nynorsk i grunnopplæringa. Vi har hatt mest kontakt med lærarutdanningane ved eigen vertsinstitusjon (Høgskulen i Volda), men vi har presentert prosjekt og orientert om våre tilbod også på fem andre lærarutdanningsinstitusjonar og for ei gruppe masterstudentar. Nynorsksenteret sine nettressursar har også blitt presenterte for deltakarane på NOLES-samlingane, som alle er lærarutdannarar.

Resultat

Vi har nådd ut til alle lærarutdanningsinstitusjonane i landet med informasjon om nettressursane våre gjennom NOLES-nettverket. Vi når også denne målgruppa gjennom avtalar om eigne besøk på førskulelærer- og lærarutdanningsinstitusjonane.

3.3 *Gjennomføre kvalitets-utviklingstiltak knyttet til fagdidaktisk virksamhet på sentrenes fagområder med særlig oppmerksomhet på individuell vurdering og grl. ferdigheter.*

1. Bistå skoleeiere i å utvikle kvalitets-utviklingstiltak.

2. Ta initiativ til kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med skoleeiere og UH-sektoren/lærerutdanninga

Aktivitet

Vi har samarbeidd med Lesesenteret og Skrivesenteret om prosjektet som fekk arbeidstittelen «Leseneve». Dette skal vere eit nasjonalt nettverk for å heve kompetansen for skuleeigarar og skuleleiarar i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter. Vi har tilbode kurset «Skriving som grunnleggjande ferdigheit - på nynorsk» for lærarar på mellom- og ungdomssteget (sjå lenke under). Åtte slike kurs har blitt gjennomførte i 2011. Vi har delteke i Faggruppa for elev- og lærlingevingurdering ved HVO. Gjennom denne gruppa har vi vore involverte i eit kompetansehevingsoppdrag i elevvurdering i Trøndelag. Vi har også hatt eitt kurs om «Individuell vurdering og effektiv respons på elevtekstar» på fagdag for lærarar, innleigd av skuleeigar.

Eigne kurs som er nemnde her er knytt til FoU-prosjekta i tiltaksplanen (sjå del IV lenger bak i årsrapporten og prosjekta omtala i punkt 2.3 over).

Resultat

Det er produsert og gjort tilgjengeleg ressursar om grunnleggande ferdigheiter. Vi har også gjennomført mange kurs. Skrivesenteret har gjennomført pilotprosjekt i «Leseneve».

Tilleggsdokumentasjon

[http://www.nynorsksenteret.no/nyn/kurs-og-konferansar/kurs/skriving-som-grunnleggjande-ferdigheit- -på-nynorsk](http://www.nynorsksenteret.no/nyn/kurs-og-konferansar/kurs/skriving-som-grunnleggjande-ferdigheit--på-nynorsk)

3.4 *Sentrene skal bidra i nasjonale satsninger i regi av Utdanningsdirektoratet. Nytt i 2011: Ny GIV – overgangsprosjektet.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje hatt ansvar for Ny GIV i 2011, men ein av våre medarbeidarar har hatt kurs på fleire av samlingane. Vi har også deltatt i netteverk for skulebibliotek og læremiddel, og på møte i Forum for nynorsk i skolen.

4. Forskning, dokumentasjon og analyse

4.1 *Kjenne til og bruke relevant forskning i sentrenes arbeid for og i sektoren*

Aktivitet

Tilsette på senteret held seg oppdaterte på relevant forskning gjennom lesing av faglitteratur og deltaking på kurs og konferansar. Nynorsksenteret arbeider med å lage eit oversyn over akademiske tekster på nettstaden til senteret. Dette oversynet blir kontinuerleg utvida og forbetra. Vi har også presentert røynslar og resultat frå eigne FoU-prosjekt og relevant forskning på fagkonferansar og i fagartiklar. Vi har samarbeidd med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda om ein søknad om midlar til eit forskingsprosjekt på nynorskopplæringa. Dette er eit område der det i dag finst lite kunnskap. Eit prosjekt av den typen som er foreslått her vil difor vere svært relevant for oss. Svar på søknaden om midlar kjem i 2012. I 2011 har to stipendiatar vor tilknytt senteret. Avhandlingane deira skal etter planen vere ferdige i 2012 og 2014 (sjå også del 6 i tiltaksplanen).

Resultat

Auke av medarbeidarane sin kompetanse ved deltaking på konferansar og i relevante faglege nettverk. Vi formidlar resultat frå eige utviklingsarbeid til sektoren via rapportar, artiklar og gjennom munnlege innlegg i faglege forum.

Tilleggsdokumentasjon

<http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13325>

4.2 *Samle, systematisere og spre resultater fra forsknings- og utviklingsarbeid i grunnopplæringen etter særskilte bestillinger fra direktoratet.*

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje fått særskilte bestillinger på dette området frå direktoratet i 2011.

4.3 *Bidra i forsknings- og analyseoppdrag etter oppdrag fra direktoratet*

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje hatt forsknings- og analyseoppdrag frå direktoratet i 2011.

III Spesifikke mål for Nynorsksenteret

1 Vidareføre og videreutvikle FoU-prosjekt i lesestimulering og lese- og skriveopplæring i og på nynorsk (jf. tiltaksplanen 2009–2012).

Nynorsksenteret har ein samla presentasjon av dei aktive FoU-prosjekta våre på nettstaden vår: http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_prosjekt/2011-til-2012

Nærare omtale av delprosjekta:

1a "Les for meg" – språkstimulering på nynorsk for barnehagebarn og barn i dei første åra i grunnskolen
(NB: Sjå også punkt 8 under)

Aktivitet

Nynorsksenteret har i gang sju prosjekt med tittelen «Nynorsk i barnehagen». Prosjekta handlar om å ta i bruk nettressursane våre, både barnesidene og ressursidene for vaksne, og å utvikle gode modellar for lesing og språkstimulering i barnehagen. Barnehagane brukar nynorsk barnelitteratur til høgtlesing og førskulelærarane får kompetanseheving i språkstimulering. Prosjektbarnehagane leverer undervegsrapportar om aktiviteten og resultatata.

På barnesteget er det seks prosjekt i gang. Nokre av dei vil halde fram i eitt eller to år til.

Resultat

Dokumentasjon av arbeidet med språkstimulering i barnehagen er lagt ut på nettstaden og er dokumentert gjennom reportasjar til eige blad og i andre tidsskrift. Nynorsksenteret har også dokumentert språkstimuleringsprosjekta med ein film om emnet.

Tilleggsdokumentasjon

Leseprojekt barnehage: <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13444>

Leseprojekt barnesteget: <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13493>

1b Tidleg start – nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål på barnetrinnet

Aktivitet

Tidleg start-prosjekta er sette i gang i samarbeid med Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Østfold. Prosjektet går ut på å gi elevar med bokmål som hovudmål opplæring også i nynorsk på barnesteget. Nynorsksenteret arbeider for å få i gang fleire slike prosjekt.

Resultat

Nynorsksenteret har fått i gang to prosjekt med *tidleg start* – nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som hovudmål på barnesteget. Foreløpige resultat frå arbeidet har blitt presentert på konferansar i Noreg. Ein større artikkel er under publisering.

Tilleggsdokumentasjon

Om *tidleg start*-prosjekt i Bergen:

www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/TraavikJansson_TIDLEGSTARTRapport2011.pdf

1c Bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule
(NB: Sjå også punkt 9 under)

Aktivitet

Nynorsksenteret har i gang prosjekt på to ungdomsskular og ein vidaregåande skule med bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i andre fag enn norsk. Lærarane i prosjekta blir oppfølgde med rettleiing og respons på planar og refleksjonsnotat undervegs. I tillegg har dei fått tilbod om kompetanseheving på eit todagars seminar i haust- eller vårsemesteret. Prosjektskulane blir også inviterte til den årlege konferansen til Nynorsksenteret. Prosjekta skal vare ut 2012 eller 2013.

Resultat

Skulane rapporterer undervegs til den prosjektansvarlege ved Nynorsksenteret. Oppsummerande rapport og dokumentasjon kjem når alle prosjekta er avslutta i 2012 eller 2013.

1d Skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring
(NB: Sjå også punkt 10 under)

Aktivitet

Vi har i alt ti prosjekt i denne kategorien, åtte prosjekt frå femte til tiande klasse og to prosjekt ved tre vidaregåande skular om skrivning i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål. Desse prosjekta legg hovudvekt på skrivning som grunnleggjande ferdigheit og tverrfagleg skriveopplæring. Prosjekta starta opp i 2010 og 2011 og er planlagt å gå over tre år. I 2011 kom to vg-skular til med, Firda og Valdres, som samarbeider om eitt skriveprosjekt. Ulstein vg. skule er også med med litt lausare tilknytning. Firda/Valdres-prosjektet starta opp med ei felles fagsamling ved Høgskulen i Sogndal i oktober.

Resultat

Fleire av prosjekta er hausten 2011 midtvegs i det tre-årige prosjektløpet. Evaluering av opplegga i mars 2012. Årsplanar, refleksjonsloggar og årsrapportar vil bli nytta som grunnlag for å utarbeide fagartiklar og presentasjonar av prosjekta på nettsida vår etter kvart som dei blir ferdigstilte. Eitt av prosjekta er alt grundig dokumentert i film 4 i ressurspakken i praksis: «Lesing og skrivning i samfunnsfag på 10. trinn» (omtala under pkt. 2.2. i fellesdelen av årsrapporten). Endeleg rapport vil bli laga ved prosjektslutt i 2012-2014.

2 Setje i gang FOU-prosjekt i lesestimulering knytta til opplæring i nynorsk som hovudmål på barnesteget og på ungdomssteget (jf. tiltaksplanen 2009-2012)

Aktivitet

Nynorsksenteret har i fleire år lyst ut og løyvd FoU-midlar til lesestimuleringstiltak. Frå våren 2010 har desse generelle løyvingane gradvis blitt erstatta med FoU-prosjekt med ei strammare knytning til tiltaksplanen og oppdragsbrevet. Våren 2011 avrunda vi dei siste prosjekta etter gammal modell med eit oppsummeringsseminar i Bergen. Samarbeidet med nokre av prosjektskulane er vidareført i andre prosjekt. «Nynorsk frå skulestart» er eit slikt nytt prosjekt retta mot første og andre klasse. I 2011-2012 er åtte skular med her. Vi har laga rettleiing og retningsliner for prosjektet, og vi har gjort avtale med deltakarar. I oktober 2011 arrangerte vi seminar for prosjekta «Nynorsk i barnehagen» og «Nynorsk frå skulestart» for lærarar og skuleeigarar i denne målgruppa. For mellomsteget har vi søkt om midlar til å lage ein nynorsk

nettversjon av ein serie danske «biletromanar» for å stimulere til meir lesing, særleg blant gutar. Slikt stoff vil høve både for hovudmåls- og sidemålselevar. For ungdomssteget er det innleia samarbeid om lesestimulerings-tiltak ved skular i Sula, Stord og Balestrand kommunar. Innspel frå desse samarbeidsskulane vil vere ein viktig del av grunnlaget for neste års satsing for denne aldersgruppa.

Resultat

Prosjekta for dei yngste aldersgruppene er i gang. Vi førebur utvida lesestimulerings-tiltak for ungdomstrinnet.

3 Vidareutvikle nettressursar for leik i og på nynorsk i barnehagen for pedagogisk personale (jf. tiltaksplanen 2009 – 2012)

Aktivitet

I 2011 har vi utvikla og utvida desse ressursane mykje. Vi har samla dei under vignetten *Berte og Iver*. Dette nye namnet på aktivitetssidene vart presentert på ei relansering i oktober. Her finst m.a. «Stjerneobservatoriet» med desse aktivitetane: animerte dikt, leik med rimord, romkatten; spel med bokstavar, ord, tal og mengde. Heftet *Berte og Iver og månen* vart også produsert og sendt ut til alle barnehagane i Noreg. Med dette heftet ønskjer vi at born skal verte kjende med våre nettsider og våre figurar.

Resultat

I løpet av 2011 har gjort mykje for å utvikle gode nettsider for barn. Dei nettsidene som no har namnet *Berte og Iver* (tidlegare *Les for meg!*) er ferdigstilte som planlagt, men dei må vere i kontinuerleg utvikling for at barnehagane skal ønskje å bruke dei. Dette er basert på dialogen vi har med prosjektbarnehagane våre.

Tilleggsdokumentasjon

<http://www.nynorsksenteret.no/berteogiver>

4 Utvikle nettressursar for lærarar til bruk i opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn (jf. tiltaksplanen 2009 - 2012)

Aktivitet

Torill Tørjesen og Paal Wiik ved Oslo voksenopplæring har på oppdrag frå Nynorsksenteret utvikla nettressursar i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Resultat

Ressursar er produsert og gjort tilgjengeleg

Tilleggsdokumentasjon

www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspråklege

5 Utvikle nettressursar på nynorsk for lærarar som arbeider med vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn (jf. tiltaksplanen 2009 - 2012)

Aktivitet

Nynorsksenteret har ikkje fått laga nye nettressursar for denne målgruppa i 2011, men oversynet over tilgjengelege nynorske læreverk for minoritetsspråklege er oppdatert.

6 Formidle døme på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet til bruk for lærarar som ein del av tilrettelegginga for yrkesfaglege utdanningsprogram (jf. tiltaksplanen 2009 – 2012)

Aktivitet

Det har vore noko uklart kva typar tekstar som har vore etterspurt: om det er medietekstar som omtalar arbeidslivet, eller brukstekstar frå autentiske arbeidssituasjonar. Tekstar av første typen har vi døme på gjennom nettressursen vår *Tekstbasen*. Når det gjeld «brukstekstar» har vi vore i kontakt med fleire skular og fått nokre tilbakemeldingar på kva typar tekstar som trengst i yrkesfaglege utdanningsprogram. Det har likevel vist seg vanskeleg å hente ut autentiske tekstar. Delvis fordi mange industriarbeidsplassar i dag nyttar engelsk som kommunikasjonsspråk men òg fordi dei vi har vore i kontakt med ikkje har sett seg syn med å hjelpe oss med å hente inn autentiske tekstar. I tillegg har ein del læreverk slike tekstar som modelltekstar i tekstsamlingane sine (t.d. *Signatur* frå Samlaget). Vi finn det difor problematisk å publisere nettressursar utan å kome i konflikt med kommersielle interesser.

Resultat

Vi har publisert medietekstar frå arbeidslivet i *Tekstbasen*. Ut over dette er det ikkje formidla nye tekstar som skildrar nynorsk bruksspråk i yrkesfaglege utdanningsprogram.

7 Vurdere korleis fleire eksisterande nettressursar på bokmål kan bli gjort tilgjengelege på nynorsk

Aktivitet

Vi har vurdert nokre aktuelle tekstar, men ingen prosjekt er gjennomførte i 2011.

8 Følgje opp vurderingar av *Les for meg*-prosjektet

Aktivitet

Sjå omtale i punkt 1a over.

9 Dokumentere og vurdere FoU-prosjekt for bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole (jf. tiltaksplanen 2009 - 2012)

Aktivitet:

Sjå omtale i punkt 1c over.

10 Dokumentere og vurdere FoU-prosjekt om skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring (jf. tiltaksplanen 2009 – 2012)

Aktivitet:

Sjå omtale i punkt 1d over.

11 Bidra til Senter for skriveopplæring og skriveforskning si utprøving/prepiloting av ulike typar utvalsprøver i skrivning på 5. og 8. trinn

Aktivitet:

Nynorsksenteret har ikkje vore med på utprøving/prepiloting av slike prøver.

12 Samarbeide med Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning om vidareføring av kompetansenettverket NOLES

Aktivitet:

NOLES-samarbeidet mellom Skrivesenteret, Lesesenteret og Nynorsksenteret vart vidareført i 2011. Det har blitt arrangert to samlingar, ei i februar og ei i oktober. Sjå også omtale til punkt 3.1 i fellesdelen av oppdragsbrevet.

13 Spele inn til ei justering av tiltaksplanen for senteret som er i pakt med mandatet og oppdragsbrevet for 2010 og 2011.

Aktivitet:

Nynorsksenteret har kome med forslag til justeringar av tiltaksplanen som er i pakt med mandatet og oppdragsbrevet.

14 Utvikle, prøve ut og drifte eit felles nettverk for kunnskapsspreiing i samarbeid med Lesesenteret og Skrivesenteret. Nettverket skal sikre kompetanseutvikling og god samhandling mellom lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar.

Aktivitet:

Sjå kommentar over om «Leseneve», i punkt 3.3. i fellesdelen av oppdragsbrevet.

IV Rapportering frå strategiplan/tiltaksplan

1 Status for gjennomføringa av *Tiltaksplan 2009-2012 for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa*

Sjå fullstendig versjon av planen her: <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13467>

Resultata for dei fleste tiltaka i 2011 blir rapporterte under aktivitetane i senterpesifikk del av oppdragsbrevet 2010 – 2011. Nokre supplerande merknader er tatt med i skjemaet under. Sjå også eige vedlegg med «Undervegsrapport» pr. oktober 2011.

Ein fullstendig rapport om alle delane i tiltaksplanen i heile perioden (2009-2012) vil bli utarbeidd i januar 2013.

Mål med tiltak	Status, oppnådde resultat og evt. avvik (også økonomiske)
1. Barnehage Mål Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar.	
Tiltak: Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar for lek og læring på nynorsk for barn	Sjå rapportering for oppdragsbrevet (punkt 1a og 3 i senterpesifikk del).
2. Barnetrinn Mål Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne	

<p>norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet</p>	
<p>Tiltak</p> <p>Setje i gang prosjekt for utprøving av «tidleg start» med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål</p>	<p>Nynorsksenteret har i gang fleire leseprosjekt på barnetrinnet der lesing av moderne nynorsk barnelitteratur er ein viktig del av prosjektet. <i>Berte og Iver</i>-tilbodet er også viktig for denne målgruppa, sidan dei barna her får møte det nynorske språket gjennom fleire mediekanalar.</p> <p>Sjå elles rapportering for oppdragsbrevet (punkt 1b og 3 i senter spesifikk del).</p>
<p>3. Ungdomstrinn og vg. opplæring</p> <p>Mål</p> <p>Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk i alle sjangrar, og tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.</p>	
<p>Tiltak</p> <p>For elevar med bokmål som hovudmål:</p> <p>Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk.</p> <p>For elevar med nynorsk som hovudmål:</p> <p>Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig, og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.</p>	<p>Sjå rapportering for oppdragsbrevet (punkt 1c og 1d i senter spesifikk del)</p>

<p>4. Yrkesfag</p> <p>Mål Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse i nynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei blir trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.</p>	
<p>Tiltak - Gjere fagtekstar på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa - Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet</p>	<p>Sjå rapportering for oppdragsbrevet (punkt 6 i senterspesifikk del)</p>
<p>5. Språklege minoritetar</p> <p>Mål Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål</p>	
<p>Tiltak - I samarbeid med Nasjonalt</p>	<p>Sjå rapportering for oppdragsbrevet (punkt 4 og 5 i senterspesifikk del).</p>

<p>senter for flerkulturell sikre digitale ressursar på nynorsk til som underviser etter <i>læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter</i> og i grunnopplæringa.</p> <p>- Utvikle støttemateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn</p>	
<p>6. UH-sektoren</p> <p>Mål: Senteret skal bidra i utviklingsarbeid som sikrar kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i grunnopplæringa.</p>	
<p>Tiltak</p> <p>- Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunlaget for nynorskopplæringa.</p> <p>- Formidle oppdatert forskning til sektoren</p> <p>- Bidra til arbeid som sikrar god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar.</p>	<p>I 2011 har to stipendiatar vore tilknytt Nynorsksenteret. Den eine stipendiaten arbeider med tverrfagleg skrivning på nynorsk, og er i gang med eit forskingsprosjekt knytt til nynorskelevar i vidaregåande skule si fagskriving i skulefaga norsk og samfunnsfag. Den andre skriv om bruk av IKT og sosiale medium i opplæringa av nynorsk som sidemål i vidaregåande skule</p> <p>Vi driv elles ikkje eiga forskning. Om arbeid med eigne utviklingsprosjekt og formidling av resultata frå desse: Sjå rapport for oppdragsbrevet (hovudpunkt 3 og 4 i fellesdelen).</p> <p>I samarbeid med HVO har senteret tilbode deltaking i seminar om nynorskopplæring for studentar og lærarar.</p> <p>I samarbeid med Høgskulen i Volda har senteret utvikla eit etterutdanningstilbod i lesing og skrivning på nynorsk i andre fag enn norsk. Høgskulen i Volda driv dette etterutdannings-tilbodet.</p> <p>Vi har samarbeidd med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda om ein prosjektsøknad. Føremålet med prosjektet er å få kunnskap om nynorskopplæringa. Sjå også punkt 4.1. i fellesdelen i oppdragsbrevet</p>